

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 10.06.2026

Vår ref.: 202517892-3 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om ekspropriasjon og førehandstiltreding


Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har fått søknad om løyve til ekspropriasjon og førehandstiltreding frå BKK AS (BKK) for eit ryddebelt over eigedommen gnr. 77, bnr. 2 i Vaksdal kommune i Vestland fylke. Søknaden ligg vedlagt.

Søknaden

Leidningen det blir søkt om ekspropriasjon for, 45 kV Fosse–Kaldestad, vart sett i drift i 1959 og har konsesjon til 2046, gitt i konsesjon med NVE-ref. 201503893-2, punkt 97. BKK hadde avtale med grunneigar i perioden 1959 til 2007.

Det har ikkje lykkjes BKK å komme fram til ein minneleg avtale med grunneigar for å få permanente rettar til å drifte leidningen vidare. BKK søker derfor om rett til å ha ståande og drifte eksisterande 45 kV luftleidning over eigedommen med tilhøryande nødvendige rettar. Med nødvendige rettar siktar ein mellom anna til rett til å gjennomføre framtidig ombygging og vedlikehald, rydding av skog og vekstar og tilkomst over eksisterande vegar på eigedommen. BKK søker om eit rettighetsbelt på 30 meter, 15 meter til kvar side frå senterlinja til leidningane. Dette er ei utviding frå tidlegare 21 meter ryddebelt. Ryddebeltet er vist i figur 1.

Samtidig søker BKK om førehandstiltreding, som inneber at grunn og rettar kan takast i bruk før skjønn er halde. Grunn- og rettshavarar som blir ramma av ekspropriasjonssøknaden, kan finne relevant informasjon om kva det inneber på www.nve.no/grunneierinfo.



Figur 1: Kart over eigedom gnr. 77, bnr. 2 i Vaksdal med ryddebelte på 30 meter. (Kjelde: BKK sin søknad)



Høringsfråsegn kan sendast til NVE innan 5. juli 2026.

NVE syner til forvaltningslova § 16 om at part som ikkje allereie ved søknad eller på anna måte har uttalt seg i saka, skal varslast før vedtak treffast og gjeve høve til å uttale seg innan ein nærmare angjeve frist. Vi syner også til oreigningslova § 12 andre ledd som seier at alle partar som vert påverka av inngrepet, skal få moglegheit til å sei si meining. NVE ber grunneigar om å uttale seg dersom de har kommentarar til BKKs søknad.

Du kan sende uttale på ein av følgjande måtar:

- via skjema for utsegner, som de finn på www.nve.no/25780/A
- via e-post til nve@nve.no (merk e-post med «Høringsuttalelse» og saksnummer 202517892 i emnefeltet, og oppgi namn og/eller organisasjonsnummer i innleiinga)
- via epost til rury@nve.no
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Spørsmål om saka

Spørsmål om planane kan rettast til BKK v/ Per Ivar Trollnes Tautra, tlf. 986 60 768 eller e-post per.tautra@bkk.no. Opplysningar om NVE si saksbehandling kan fåast ved å kontakte NVE v/ Ruben Rygh, tlf. 22 95 92 58 eller e-post rury@nve.no.

Med helsing

Tor Carlsen
fagleiar

Ruben Rygh
rådgivar

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Mottakarliste:

HARRIS ADVOKATFIRMA AS - Ingvild Risnes Skeie
Anna Lid Seim

Kopimottakarliste:

BKK AS
BKK AS - Per Ivar Trollnes Tautra